

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

7.

Fylke:

Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Smillfjord

Emne:

Skar

Bygdslag:

Oppskr. av:

O. Selnes.

Gard:

(adresse): H. Langhelles veg 4,
Jr. heim

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Nei.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Johan O. Selnes, 66 år, Y. Smillfjord, bonde

SVAR

1. Nei, ein har ikkje noko samnamn for dei ymse slag for, utanom høyet.

2. Nei, ein har ikkje noko slikt samnamn. Her kjemmer ein dessutan ikkje til orda beit og brom.

Markafor er her namnet på høi som var slege inne i fjellet og køyrd heim på vinterföret.

3. Å skara er eit a-verb.
å skara - skara' - skara - skara.

4. Ja, skar var ein del nytta til för her. til för ein del år attende. Det var så lite bruka at noko serleg til eller frå i föringa gjorde det vel ikkje. Hadde ein køyrd heim osp til ved eller vyrke, skara ein gjerne av borken og gav kröttera.

5. Det var ospa som gav skar.
Det var vanleg at ein kasta furu-

9739

greiner i bingen til sauene så dei
fekk grage.

6. Nei, noko slikt namn er ikkje
kjend her.

7. Nei, dette eller liknande rim er
ikkje kjend her.

8. Det vanlege var at sauene fekk
skaret. Dei fekk det for seg sjølv.

9. Skar var ikkje vanleg til kuor,
og noko slikt veit ein ikkje av.
Men det var vanleg at sauene som
snart skulle ha barn, fekk skar,
Det var vel meint som ein ekstra
godbit.

10. Nei, det hende vel knapt.

11. Har ikkje noko nemning for dette.

12. Har ikkje noko nemning for dette.

13. Nei, dette ordet er ukjend her.

14. Skarveden vart henta saman med
den andre veden om vinteren.

15. Her var det vanleg i vedskjulet,
eller det kunne vere vedommen
om vinterkveldane.

16. Det var ein vanleg tollekriiv.

Emne nr. 7.

17. Her tok dei oftast ved skia, sette ho med i eit tran og skara av med kniven.
18. Her kjenner ein ikkje ordet skarhal.
19. Dei heldt skarkjeppen med den eine handa og kniven med den andre.
20. Det var helst skarved, ved som var skara.
21. Det var skar.
22. Det kunne vere begge deler.
Men borken måtte ikkje vere for grov og sprukken.
23. Ein har ikkje noko særskild namn.
24. Ein skulle ha berre borken, men all borken.
25. Han var gjerne bruka til bakstevad. Ospeved gav jamn varme under bakstehella.
26. Nå er det slutt alle stader, men kring 1930 var det i bruk på ymse plassar.